



MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtedato: 08.03.2013
Møtetid: 13:00 -
Møtestad: Kommunehuset - telefonmøte

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

ordførar/leiar av utval

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
008/13	13/143	Faste saker	
009/13	12/340	Søknad om tilleggsøyving - Utskifte av kjøretøy teknisk eining	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Godkjenning av protokoll frå førre møte

**SAKSFRAMLEGG**

Arkivsaksnr: 13/143	Løpenr: 13/1193
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	08.03.2013	008/13	MH

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Godkjenning av protokoll frå førre møte

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Kenth P. Opheim	Arkivkode: FE-651
Arkivsaksnr: 12/340	Løpenr: 13/516
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	12.02.2013	004/13	KPO
Formannskapet	08.03.2013	009/13	KPO

SØKNAD OM TILLEGGSLØYVING - UTSKIFTE AV KJØRETØY TEKNISK EINING

12.02.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Marit Aase (Krf) sette fram følgjande framlegg:” Med bakgrunn i saksframstillinga vert det gitt eit internt lån/ingangsløyving på kr. 390.000 frå disposisjonsfondet. Dei første fire åra, dvs frå og med 2014 kan ein rekne med attendebetaling med kr. 40.000 årleg frå sparde driftsutgifter på bilane. ”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

FORM-004/13 VEDTAK:

Med bakgrunn i saksframstillinga vert det gitt eit internt lån/ingangsløyving på kr. 390.000 frå disposisjonsfondet. Dei første fire åra, dvs frå og med 2014 kan ein rekne med attendebetaling med kr. 40.000 årleg frå sparde driftsutgifter på bilane.

Kva saka gjeld:

Søknad om tilleggsloøyving for utskifting av varebilar, Teknisk eining.

Formannskapet handsama i møte 06.06.12 ein sak om endringar i bil-/maskinparken i driftsavdelinga i teknisk eining. Det vart drøfta om lastebil kunne erstattast med traktor. I tillegg var det og fremja ønskje om å skifta ut dei gamle og dårlege varebilane. FORM-041/12.

I vedtaket står det m.a.:

”Å erstatta varebilane med leasingbilar bør gjerast med avtale om å løysa inn bilane når leasingperioden går ut”.

5 av 7

Tilbud er innhenta på nye varebilar. To tilbydarar er aktuelle, Møller og VW-forhandlar. I tabellen under er tilboda vist både for leasing og kjøp.

Merke	leasing	gebyr	t.gebyr	år 1	år 2	år 3	år 4	år 5	Sum 5 år	Kjøp
MB Vito, 4x4	6.428	3.990	85	82.146	78.156	78.156	78.156	78.156	394.770	315.816
MB C 109	3.271	3.990	85	49.262	45.272	45.272	45.272	45.272	230.350	184.280
VW Trsp. 4x4	5.438	3.990	85	70.266	66.276	66.276	66.276	66.276	335.370	272.174
Vw Caddy	3.055	3.990	85	41.670	37.680	37.680	37.680	37.680	192.390	156.422

Alle prisar er netto prisar for kommunen

Teknisk eining disponerer 2 stk. varebilar – ein 1998-modell og ein 1999-modell. Dei er utsletne. Verdien på desse køyretøya er samla stipulert til kr 20.000. Det er venta til dels store utgifter til vedlikehald for desse køyretøy i åra framover. I budsjettet for 2013 er postane for drift/vedlikehald av køyretøy auka med 41,6% m.a. som fylgje av alder og standard på køyretøya.

Teknisk eining har henta inn tilbod på nye køyretøy ut frå formannskapet sitt vedtak. Dvs. at køyretøya vert leasa over 5 år til 0, og at dei deretter vert overtekne av SK. Dette er definert som finansiell leasing og mynde til å fatta vedtak ligg i kommunestyret.

Vurderingar og konsekvensar

Slik tilstanden er på dei to varebilane er me nødt til å gjera noko. Formannskapet har peika på leasing som alternativ. Bakgrunnen for det vil nok vera saksutgeinga i den aktuelle saka som hadde leasing som hovudalternativ. Det hadde sin bakgrunn i framlegget om større endringar i bilparken og med utgangspunkt i at det kunne finnast løysing innan teknisk eining sitt budsjett. Når det no berre er snakk om å skifta varebilane, er dette ikkje mogleg å gjera innan eininga sitt ordinære budsjett.

Me vurderer det slik at ein eller begge bilane i løpet av 2013 vert i så dårleg stand at det ikkje vil svare seg å reparera den/dei. I tillegg er det utfordrande reint arbeidsmiljømessig å ha bilar som er i så dårleg stand. Det gjer at det no vert fremja spørsmål om auka løyving slik at det kan kjøpast inn nytt materiell før ein får utgifter til reparasjonar.

I budsjettet for 2013 er postane utgiftene på vatn og avlaup drift/vedlikehald bilar auka med kr 41.600. Dette fordi det er føresett større utgifter til reparasjon/vedlikehald av dagens varebilar. Ved kjøp av nye varebilar kan ovannemnde postar i budsjettet reduserast til 2012-nivå noko som gjer at utgiftene til leasing for ein av bilane kan takast over ordinært driftsbudsjett. Det manglar då finansiering for den andre bilen, ein årleg løyving på vel 67.000 kroner gitt at ein vel det rimelegaste alternativet.

Utgangspunktet for denne saka har vore leasing. Me finn det likevel riktig å leggja fram alternativet med kjøp. For kommunar som ikkje treng låna eksternt for å klara utgifter til kjøp, er det mest alltid regningsvarande å kjøpa i staden for å leiga eller leasa. I tillegg til kapitalkostnader har og mva. refusjon innverknad i favør av kjøp.

Kjøp:	kr. 428.596,-
Leasing over 5 år	kr. 527.760,-
Innsparing ved kjøp:	kr. 98.916,-

6 av 7

Dersom alternativet med kjøp er aktuelt, er det behov for eit internt "lån"/eingangsløyving på kr 390.000. (428.595 – 41.600). Dei første 4 åra, dvs. f.o.m. 2014 kan ein rekna med "attendebetaling" med 40.000 kroner årleg frå sparde driftsutgifter på bilane.

Går ein for leasing vil det vera aktuelt å gje ei tilleggsøyving på kr 70.000 i 2013, og ein bind seg opp til ein årleg auke i løyvingane til teknisk eining, drift bilar på vel 66.000 kroner.

Nye opplysningar i saka ved handsaming i formannskapet 08.03.13

Sidan saka (ved ein feil) ikkje vart handsama i kommunestyret 06.03.13 slik planen var, lyt saka handsamast etter "hasteparagrafen" § 13 i kommunelova i formannskapet slik at tenestene i teknisk eining kan haldast i gong. Avgjerda om finansiering av kjørtøya må takast så snart som råd er. Det er difor på kort varsel kalla inn til telefonmøte i formannskapet i dag 08.03.13 kl. 13.00.

